



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
postmottak@kmd.dep.no

Uttale frå Hardangerrådet vedr rapport frå ekspertutval: Nye oppgåver til fylkeskommunane.

Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 kommunane/herada i Hardanger; Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam , Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardanger har både byprega område og spreidd bygde område og vi arbeider for å oppretthalda folketal, arbeidsplassar og eit attraktiv utvikling av regionen i ei tid med aukande sentralisering. Hardanger har kommunar der statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar gjennom mange år har vorte redusert gjennom nedlegging, omstrukturering og sentralisering.

Hardangerrådet støtter hovudprinsippa og vurderingane som vert lagt til grunn i ekspertutvalet sin rapport. Å flytta oppgåver og ansvar nærmare innbyggjarane vil styrka lokaldemokratiet og medverka til betre utvikling av distriktsregionane.

Dei nye oppgåvene som skal overførast til fylkeskommunane må sjåast som eit høve til å styrkja distrikta i dei nye fylka gjennom at dei kan plasserast i regionsenter i fylka istaden for å vera knytt opp til den eksisterande fylkeskommunale administrasjonen.

Hardangerrådet vil særskilt kommentera desse områda i rapporten:

- Barnevern: Vi ser det som viktig at oppgåver innanfor barnevern vert handtert på eit lågast mogeleg nivå og vil difor sjå det som best om dette vert verande i kommunane (interkommunale samarbeid) under føresetnad at kompetanse og økonomiske rammer er tilfredsstillande.
- Klima, miljø og naturressursar: vi ser det som positivt at mynde for å fatta vedtak på dette feltet vert flytta til fylkeskommunen. Det bør etter avklaring om overførte oppgåver frå staten gjerast ein ny gjennomgang av delegasjonsreglementet i fylkeskommunen.
- Helse og levekår: Enkelte av oppgåvene innanfor dette området ivaretak behov hos ressurssvake grupper. Det krev at tilboda som vert gjevne er like for heile landet og det kan stillast spørsmål om noko t.d. Statped bør vidareførast som statleg ansvar.

For Hardangerregionen er det viktig å nemna nokre prosjekt det har vore arbeidd med over lengre tid for å etablira statlege funksjonar i regionen. Slik Hardangerrådet ser det er desse prosjekta naturlege å utgreia nærmare i samband med førebuing og gjennomføring av den oppgåveflyttinga som rapporten omtalar. Konkrete prosjekt i Hardanger er:

- Nasjonalt våpenkontor, (Hardanger lensmannskontor), Odda
- Norsk jordskiftesenter, Agatunet Ullensvang
- Forvaltning av freda industrianlegg, Odda/Tyssedal
- Nasjonalt fartøyvern, Norheimsund, Kvam

Kinsarvik 07.05.2018

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.
Hardangerrådet iks signerar digitalt